

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Sakshandsamar: Margareth Olin Leivdal
Telefon: 90665029
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/7907
Dykkar referanse:
Vår dato: 24.07.2015
Dykkar dato:

Att:

UTTALE TIL SØKNAD FRÅ EIDE FJORDBRUK AS OG FYLLINGSNES FISK AS OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEN SIN AREALPLAN FOR UTLEGG AV NYTT ANLEGG VED LOKALITET OSPENESSET 19655 I LINDÅS KOMMUNE I HORDALAND

Det vises til oversending av 5. juni 2015 frå Lindås kommune med høyring av søknad om dispensasjon frå arealplan i sjø for Lokalitet Ospeneset nr. 19655 i Fensfjorden i Lindås kommune. Opprinneleg søknad frå Eide Fjordbruk AS omhandlar ei endring av anlegg frå stålanlegget til polarplastmerder med 6 ringar på rekkje og med same biomasse godkjenning på 3210 tonn MTB. Deler av nytt anlegg samt fôrflåte med fortøyingar og fôrslangar vil kome utanfor regulert område til akvakultur og det vil såleis vere naudsynt med ein dispensasjon i arealplanen til Lindås kommune.

Fiskeridirektoratet har hatt søknaden til uttale med Fiskarlaget Vest og dei har ikkje konkrete merknader til endring av anleggstruktur, men er oppteken av at fortøyingane ikkje må kome i konflikt med låseplassar som ligg i fjorden. Vidare hevdar Fiskarlaget Vest at det må sjåast på under eitt, anleggstettheit og miljøkonsekvensane i fylket og ikkje berre lokalitet for lokalitet. Sjå vedlegg.

Formål og planstatus

Formålet med søknad om dispensasjon er å legge til rette for meir sikker og rasjonell drift ved lokaliteten, i tillegg til at endringa vil medføre betre fiskehelse då fisken ikkje treng å stå tett og at det vert betre straumtilhøve og lågare smittefare mellom nøtene.

I kommuneplanens arealdel er området ved lokaliteten Ospeneset avsett til akvakultur, men deler av det nye oppdrettsanlegget til Eide Havbruk vil bli lokalisert utanom avsett sjøområde for akvakultur.

Fiskeridirektoratet har registrert fylgjande fiskeri- og akvakulturinteresser i området:

Akvakultur:

Lokalitet Langøy, Laberget, Leirvika og Rekeviki

Gyteområde:

Lyngneset-Holsnøy, torsk

Fiskeplassar aktive reiskapar: Kvingo Einestrand, makrell

Fiskeplassar passive reiskapar: Nord av Kråka, lange, Hope, hyse
Einestrand-Sørkvingevågen, lange og sei

Låseplassar:

Hodnelandsvågen

Hogneviki

Lindavågen

Søre Lotrebogane

Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at ein dispensasjon frå arealdelen slik at heile det nye anlegget ved Oспенeset kjem innanfor område sett av til arealføremål akvakultur, vil påverke fiske og det marinemiljø på staden negativt.

Eide Fjordbruk melder i brev av 2. juni 2015 at dei vil endre fortøyingane til anlegg og fôrflåte slik at desse blir liggande på same djupnekvote som dei gamle fortøyingane, slik at ein unngår brukskonflikt med fiske i fjorden. Det vil vere svært viktig at fortøyingane ikkje kjem i konflikt med bruk av låseplassane Hodnelandsvågen og Lindavågen som ligg aust og vest av Oспенeset.

Konklusjon

Fiskeridirektoratet Region Vest føreset at utlegg av fortøyingar til nytt anlegg ikkje kjem i konflikt med bruk av låseplassar i området.

Når omsynet til låseplassar blir ivareteke, kan vi ikkje sjå at endring av arealformål vil få vesentlege konsekvensar for dei interesser direktoratet skal ivareta. Vi har såleis ingen andre vesentlege merknader til dispensasjonen frå arealplan til Lindås kommune.

Med helsing

Hanne Marie Utvær
fung. seksjonssjef

Margareth Olin Leivdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
----------------	-------------------	------	----------

Kopi til:

Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Vedlegg

Fiskeriinteresser Fensfjorden

Eide Fjordbruk AS 866751242 og Fyllingsnes Fisk AS 930387215 - Uttale
til søknad om endring av anlegg